

Størst fordel for oppsittarane

27.07.2015



**Det utvida krysset mellom den kommunale vegen og Dønhaugvegen er no klart og tungtransportane som kjem til Festidalen kan dermed passera utan større problem.**

**Magne Huglen er ikkje minst glad for denne satsinga, som framfor alt vart utløyst av behovet til festivalen.**

**- Men utvidinga har mest å seia for byggjefeltet i Skårhaug. eg har trass i alt to adkomstvegar, seier Magne til uskedalen.no**

Det er Dimmelsvik Entreprenør som har gjort jobben og som også er sponsor saman med ei rekke andre. Dette krysset har lenge vore eit problem på grunn av at det har vore bratt og hatt liten svingradius. Bratt er det framleis, men det er det ikkje så let å gjera noko ved.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen